# Referat frå styremøte i NSK avd. Sogn og Fjordane 17. januar 2024

På Teams Klokka 19.30 - 21:25
Til stades: Laila Røneid, Inger Handegård, Edvard Hartvigsen,
Meldt fråfall: Per Ståle Vågene (vara)
Elin Anita Gjerde (jaktkontakt) var til stades på alle sakene.

| Sak nr: | Tidlegare saker: | Oppfølging/status |
|---|---|---|
| 2/2023 | **Avdelinga treng sårt ny JAL dommar**<br>Fått bekrefta at søknaden er ok, men Elin Anita har enno ikkje høyrt noko. | Laila purrer JK |
| 7/2023 | **Feltcup 2022-2023**<br>Me prøver å få til ein juleapport i slutten av november (25 nov?, dersom været held. | Været stoppa alt |
| 20/2023 | **Prøvar 2024**<br>25. august JAL og apport Tor Magne er spurt om å dømme.<br>15-16 juni sporprøve på Eid.<br>Bevegelege prøvar som før. | |
| 22/2023 | **Spanielsamling med rekrutt-aktivitet**<br>Våren 2024. Inger og Laila melder seg som dommar/instruktør. Me spør andre aktive og. | |
| 23/2023 | **Fotokonkurransen** | Laila leverer ut siste gåvekortet |
| 24/2023 | **Utstilling 2024**<br>Sunnfjord hundeklubb gir beskjed om at dei ikkje arrangerer utstilling i 2024. Me klarer ikkje å lande dato i kveld heller. | Laila sender melding til HS om at me gjerne vil oppretthalde utstillinga vår. |
| 25/2023 | **Årsmøtet 2024 11 februar - ny sak nr. 1/24**<br>Lunsj til dei som møter. Tema stell av hund. Utstyr som er bra å ha. Trimmekurs dersom det er ok for hotellet. | Laila sender inn annonse<br>Laila varsler valnemnda |
| | **Nye saker** | |
| 1/2024 | **Årsmøtet 11 februar**<br>Møtestart kl. 11<br>- Styret gjekk gjennom årsmelding og rekneskap<br>- Me startar med årsmøtet og får det fort unna.<br>- I innkallinga skal det stå ta med hund dersom du vil lære å klippe litt på eigen hund og ta med det klippeutstyret du har. Det er ein stor fordel at hunden er flokefri.<br>- Dei som har interesse for å få litt treningshjelp for grunnferdigheiter for å få ein velfungerande familiehund/jakthund, tek med seg hund og mange små godbitar som hunden RASKT kan svelje. Type små pølsebitar, vaffelbitar, kvitost osv. Me prøver å få til bittelitt trening.<br>- Utlodding - styret stiller med nokon småpremiar pluss hovedgevinsten som er gratis start på sporprøve, jaktanleggsprøve, apportprøve eller anna aktivitet i avdelinga. | Laila lagar diplomer til årets mestvinnande + hovedgevinst utlodding + smågevinstar me har liggande.<br><br>Inger og Elin Anita tek med trimmebord.<br><br>Inger, Elin Anita og Laila tek med trimmeutstyr<br><br>Laila oppdaterer budsjett og aktivitetsplan, årsmelding osv.<br><br>Inger legg alt ut på heimesida. |

| | | |
|---|---|---|
| | i 2024. Me oppfordrar alle medlemmer som kjem til å ta med seg ein liten gevinst som er innpakka. Maks 100 kr! Det kan vera alt frå hundesnop til kaffipose. Bruk fantasien.<br>- Me avsluttar med lunsj som styret har vedtatt å betale | |
| 2/2024 | **Jaktkurs 2024**<br>Elin Anita lufter interessa på FB sida vår. | Elin Anita jobbar vidare med instruktør og stad å vera. |
| 3/2024 | **Våre Spaniels nr. 1-2024 - frist 1. februar**<br>Jaktkurs, rekruttsamling (rally, uoff utstilling/utstillingstrening, LP, apport), vise til heimeside for årsmelding og årets mestvinnande, sporprøven, JAL/apport | Inger og Laila skriv og sender inn |

Neste møte: Etter årsmøtet ein gong - me avtalar på årsmøtet Ref: Inger